



Møtereferat

Gruppe/tema: Rektormøte for kulturskulen i Nye Ålesund

Møtestad: Gomerhuset

Dato: 1.06.18

Tid: 12.00-15.00

Møteleiar: Gro Dalen

Deltakarar:	Kommune:
	Nye Ålesund
Hans Peter Neergård	Haram kommune
	Sandøy kommune
Magne Fylling	Skodje kommune
Gaute Aamlid	Ørskog kommune
Gro Dalen	Ålesund kommune
	andre

Saksliste: (ikkje utdelt for møtet)

Referat frå rektormøte kulturskulane, Nye Ålesund 1.06.18

Stad: Gomerhuset, Skodje, Tid 12.00 – 15.00.

Til stades: Gro Dalen, Magne Fylling, Gaute Aamlid, Hans Peter Neergård

Vi starta møtet med kaffi og gode lunch-smørbrød, servert av Magne.

Dekningsgrad var vel første temaet vi tok opp. Nasjonal målsetting om at ca 30 % av grunnskuleelevane skal ha eit tilbod i kulturskulane er vel framleis eit stykke unna, men at det kanskje kan vere innanfor rekkevidde på litt sikt.

Vi hadde ei runde på ulike behov for lærarkrefter. Til dømes var det behov for trommelærar i Ålesund. (Det kan verke som det er få utøvarar på instrumentet som les notar og kan brukast til opplæring for nye elevar.) I Haram kan det vere behov for lærar innanfor teikning/måling om det melder seg nok søkjarar før hausten. Skal ein alt no tenkje på eventuelt ledig kapasitet i ein av kommunane ved behov for å tilsette i ein annan?

Undervisninga i nykommunen skal framleis vere nær der elevane bur. For dei yngste elevane er dette særleg viktig. SFO-tid blir brukt ein heil del i dag og må vidareførast. I Haram har vi og ein del samarbeid med barneskular/foreldre for å få tilpassa speletid slik det blir best for alle partar. Medan Skodje no har kulturskuleundervisninga samla på Gomerhuset, er det i Haram 12 stader/bygningar som vert brukt til dette (inkl. aspirant- og korpsøvingar). Dette heng sjølvstakt saman med geografien i kommunen; mange bygdelag, skulekrinsar og øysamfunn. Dessutan er elevflokkung.



Mesteparten av elevane er i barneskulealder, og timane i Haram er stort sett lagt til nærmaste barneskule eller ungdomsskule.

Ålesund har samla all undervisning i nokre av faga på bygget til Ålesund kulturskule. Dette gjeld: dans, teater, slagverk og gitartimar. Resten er på ulike stader i kommunen. Også i Ålesund er det altså ein del desentralisert undervisning. I framtida kan det likevel vere behov for å flytte på seg, reise til læraren, om ein skal ha opplæring i sjeldne instrument t.d. Alle tilbod kan ikkje vere alle stader. Slik er det også i dag.

Litt ulik praksis når det gjeld timeplan-legging, men vi uttrykte alle at det er behov for pausar i undervisninga, at lærarane treng pusterom etter nokre elevar, for å yte godt vidare. Det beste kan vere om ein har eit pauserom, der det kan vere råd å få litt kontakt med andre tilsette i kulturskulen. Dette kan vere vanskeleg å få til på små plassar, med få kulturskuletimar pr dag/få dagar med kulturskuletilbod.

Mange deltids- og små stillingar i kulturskulane, samt at mykje av arbeidstida er lagt til ettermiddag og kveld, gjer det ofte vanskeleg med mykje bunden tid til møteverksemd og fellestid. Særleg har dette vore vanskeleg i Haram, med lange avstandar/reisetid og mange små bygdesamfunn. Kulturskulen her har heller ikkje nokon eigen base eller kontorplassar å tilby dei tilsette. Undervisningsromma er dei einaste som vert tilbydd (den tid dei er ledige). Elles må dei tilsette halde kontorplass og eige øvingsrom sjølve. Rektor har skrivne eit notat (2016) til leiar for stab/støtte om ønskje om ein base med kontorplassar, øvingsrom m.m. i planlagt nytt skulebygg på Eidet.

Om tilsette har øvingstid og planleggingsarbeid heimanfrå, går det an å sette opp ei tid for når ein jobbar om dagane, når ein lett kan nåast og er disponibel. Det var semje om å bruke kløkt og uansett ikkje binde for mykje tid. Kommunane må først sørge for kontorarbeidsplassar, øvingsrom og instrument før ein kan forlange stor grad av bunden fellestid.

Det vart også snakka litt om den nye kulturskulen skal ha underavdelingar eller ei. Den kan kanskje få inntil 50 årsverk til saman. Verksemdene skal ha ein viss storleik, men dette blir i alle fall temmeleg stort.

Noko ein må prøve å få til er felles plandagar, og at alt etter kvart vert drifta av eitt felles administrasjonsprogram. Då er det mykje som peikar mot Speedadmin-programmet, som Ålesund (og mange andre kommunar) brukar no. Eit skifte av dataprogram kunne kanskje vore etter 1.01.19. Då er det i god tid og utan det store trykket som kan kome ved årsslutt og skulestart.

Møtet vart avslutta kl. 15.00

Hans Peter Neergård
Referent